

Innkalling og referat

Fellesmøte med Utdanningsutval og FoUI-utval, FHS

Dato: 30.5.22 ZOOM møte kl. 9:00-11:30

Til stede:

Utdanningsutvalet: Unni Margrethe Uren Aasen, Margaret Søvik, Kristen Stæger-Breisnes (vara for Cecilie Thaule Løvlid), Ine Heggøy og Marie Knutsen (studenter), Hege Hansen og Hilde Kristin Tveit (referent)

FOU utvalet: Alice Kvåle, Anne Britt Vika Nilsen, Liv Heide Magnussen, Marit Solheim, Margarethe Bittins, Kiri Lovise Njøten (student) og Magne Eikås,

Gjester: Hege Cathrine Aarlie, Bente Kjørstad Walaker, Anne Mette Somby og personvernombud Trine Anikken Larsen

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste	Vedlegg	Innkalling og sakliste skal godkjennast med ev kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan for utdanning	5 min
Referat: Ingen kommentarar til sakslista og innkalling og sakliste blei godkjent. Ingen saker blei meldt til eventuelt.				
8/22 Internasjonalisering	Vedlegg: Handlingsplan for internasjonisering	Presentasjon av prosjektet «Ut i verden» og korleis bachelorutdanningane jobbar med internasjonisering. Utvala bes om å kome med innspel på korleis fakultetet kan arbeide med å kople forskning og utdanning betre saman og korleis forskning kan	Prodekan for utdanning innleier Gjest: Hege Cathrine Aarlie frå kl.9:05. (15 min).	40 min

Fakultet for helse- og sosialvitskap

		<p>inngå i arbeidet med å utvikle mobilitetsvindauge og emnepakkar i BA og MA utdanningane.</p> <p>Korleis kan FHS få til auka mobilitet for studentar og tilsette, i både forskning og utdanning?</p>	<p>Prodekan for samhandling og internasjonisering</p>	
<p>Referat:</p> <p>FHS fekk midlar frå Hkdir til prosjektet for BSV utdanningane «Ut i verden» i 2021. Prosjektleder Hege Cathrine Aarlie presenterte prosjektet ifrå Bryssel. Formålet med prosjektet er å gje varig auking i tal studentar som tar utvekslingsopphald i utlandet (50%) og etablere varig struktur for mobilitet. Prosjektet fekk midlar (med ein eigenandel på kr 5 mil). Prosjektperioden er 2022-2025.</p> <p>Prosjektet er delt i 4 arbeidspakkar (lik formål til Hkdir). Det er minimum ein frå kvar utdanning som er representert i arbeidsgruppene. Delmåla for kvar arbeidsgruppe blei presentert.</p> <p>Det er etablert eit internasjonalt team for BSV utdanningane (ein internasjonal koordinator i 30 % + 100 timer til kvar deltakar frå kvar BSV utdanning + vernepleie deltid). Det er laga eit forslag til arbeidsoppgåver til teamet og for internasjonal koordinator.</p> <p>Internasjonale perspektiv skal være gjennomgåande i alle studieprogramma. Samarbeidsarena skal leggest inn i programma utan at det skal endre så mykje av læringsutbytta i emna. Det skal utviklast internasjonale emne i samarbeid med institusjonane.</p> <p>Status på prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet er presentert for leiargruppa i instituttet, og i studieprogramråda • Gjennomført internasjonal dag for tilsette ved BSV utdanningen og ny dag er under planlegging • Timar i arbeidsplanane er lagt inn for vårsemesteret • Gjennomført møter med partane i samarbeidet • Utarbeida logo for prosjektet, «rollup» er under utarbeiding • Internasjonalt team skal etablerast hausten 2022 • Delta i obligatorisk avmelding av mobilitet (er eit internasjonalt prosjekt som AFII jobbar med) <p>Hege gjekk også gjennom vegen vidare og aktivitetar som er planlagt. Undervisningsspråket blir engelsk og det er plan at studentar kjem inn i emna. Dette vil gje studentane heime eit internasjonalt perspektiv. Utdanninga må også jobbe med å leggje strukturar for å få studentar inn eit heilt semester.</p> <p>Kommentarar og innspel frå Utdanningsutvalet og FOU utvalet:</p>				


Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Ein god presentasjon av eit godt prosjekt.
- Det er gjort eit godt stykke arbeid.
- Det er viktig å ha prosjektet i tankane i andre fora og når emna skal reviderast. Med små grep kan perspektiv om internasjonalisering tas inn i emna.
- Innspel frå prosjektleiar: Alle emna bør sjåast på og vurderast kor utdanningane har internasjonalt pensum i emna sine
- Danningssemne bør også sjåast på for å få inn meir internasjonalisering. Det same gjeld for andre fellesemne i fakultetet.
- Mange tilsette er involvert. Dette kan også vere med å opne for forskingssamarbeidet.

Utvala tykker prosjektet «Ut i verda» er eit godt prosjekt og ynskjer at saka følgjast opp i eit seinare møte for å diskutere vidare korleis FHS kan jobbe vidare med å auka mobilitet for studentar og tilsette, i både forskning og utdanning.

Det er laga ein forskargrupperapport men ei god oversikt over forskargrupper. Det oppmodast om korleis dei andre utdanningane kan kople seg på og gjere tilsvarende. Monica har også hatt møte med alle institutt og vil fremje ein sak i leiargruppe om dette. Det er også mange søknadar som skal sendast til Hkdir.

Pause 5 min

<p>9/22 Personvern knytt til studentoppgåver</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams og er sendt med innkalling:</p>  <p>Studentoppgaver og ulike løsnings for å o</p>	<p>HVL jobbar med ei masteroppgåveportal som på sikt kan utviklast til andre typar oppgåver.</p> <p>Utvala bes om å kome med innspel til om HVL bør oppretta ei intern løysing og utvikla system med meldeskjema for å ivareta personvernet.</p> <p>Korleis ivareta dette i Samarbeidsavtaler mellom helseføretak, HVL og FHS.</p>	<p>Prodekan for forskning innleier</p> <p>Gjester: Anne Mette Somby og personvernombod Trine Annikken Larsen og Bente Kjørstad frå kl.9:45</p>	<p>30 min</p>
---	--	--	--	---------------

Referat:

Prodekan for forskning Alice innleia for saka. HVL treng å ha tilgjengelege malar slik at personvern handsamast på ein skikkeleg måte. Kvar står HVL i dag i arbeidet med avtaleverk og masteroppgåveportalen?

Anne Mette Somby presenterte dokumentet som følger saka. Personvernombodet Trine Annikken Larsen omtalte i si årsmelding at det manglar malar for korleis ivareta personvern i ulike oppgåver i utdanningane. Det gjeld ikkje berre masteroppgåver med også oppgåver som skrivast i praksis.

Erfaringar:

Fakultet for helse- og sosialvitskap

HVL har ikkje god nok internkontroll. Stikkprøver er gjennomført og ein såg på sikker lagring av oppgåver. Sensitive data skal nytte sikker lagring. Dei fann at berre 2 av 8 oppgåver er meldt inn i NSD si forskningsserver. Det vil kome ei oppfølgings sak om dette.

HVL sine rettleiarar for masteroppgåver tykkjer at når ein nyttar SIKT (dvs NSD), så er alt på plass. Dette er ikkje tilfelle. NSD sjekkar ikkje om informasjon sikkerheit og kva som studentane faktisk gjer. Det er nokre gråsona der nokre oppgåver fell utanfor NSD og skulle hatt ei godkjenning. Rettleiar bør følge dette betre opp. HVL har ikkje rigga seg godt nok.

Rettleiar si rolle bør sjåast på sidan det er ulikt kva SIKT meiner og kva rettleiar følger opp. SIKT meiner at dette skal rettleiarane ta omsyn til. HVL bør ha eit betre system på dette som tek vare på data og gjer ei god og tett tilbakemelding til studentane. HVL må jobbe aktivt med dette og må ta omsyn til både på personvern og forskningsetikk.

Det er eit skilje mellom studentoppgåver og forskning. Studentoppgåver/-prosjekt gjerast i utdanninga men i utgangspunkt er ikkje det definert som forskning. Det må vere same krav til personvern. Men det må også vere ei differensiering av forskingsoppgåver og studentoppgåver då det er ulike tidsperspektiv for desse.

Det er behov for ei fyrstelinje for å skilje dei som krev registrering som forskingsprosjekt og andre studentoppgåver. Det bør vere nokre rådgjevarar som jobbar med dette ved HVL (3 stk) men kor desse bør sitje i organisasjonen er ikkje avklart.

Kommentarar og innspel frå utvala:

- Korleis få til et system der ein melder inn og siler ut prosjekt som treng meir dokumentasjon?
- Forståing av desse perspektiva er viktig å få avklart.
- Kva ligg i utdanningane – kva grad forventar rettleiarane at studentane kan frå før?
- Skal HVL ta ansvar for dette sjølv? Det går ikkje alltid fortare om HVL skal ta ansvar for dette, heller ikkje rimelegare. Å flytte frå ein plass stil ei anna plass treng ikkje å bli betre.
- Det er mange oppgåver og vi må får dette inn i HVL. HVL vil få styrka personvernkompetansen til tilsette om vi får eit eiga system for dette.
- HVL tek ikkje godt nok i vare på personvernet. Dette må vi gjere noko med og få kontroll på.
- HVL treng gode system for dette slik at rettleiar og studentar veit korleis dei skal forhalda seg til dette.

Utdanningsutvalet og FOU utvalet ber om at innspela tas vidare og meldast til prorektor for utdanning.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

10/22 Samarbeidsavtaler mellom helseføretak, HVL og FHS	Vedlegg ligg i Teams og er sendt med innkalling Avtale Helse Fonna Avtale Helse Bergen	Utvala bes kome med innspel til korleis vi kan få til eit meir praksisnært forskingsarbeid med våre samarbeidspartnarar.	Prodekan for utdanning innleier	15 min
<p>Referat:</p> <p>Prodekan for utdanning innleia. Det er vist til nokre avtaler i innkallinga. Korleis skal fakultetet få til betre avtaler med praksisplassane om forskning? Det står ikkje noko om personvern og handsaming av data sidan vektlegging av praksissamarbeid står mest sentralt i dei eksisterande avtalene. Bente Kjørstad Walaker informerte om at det som står omtalt er at det skal vere nokre rutinar for korleis dette skal følgjast opp av praksisfelt og av HVL. Det må utarbeidast eit system og retningslinjer for personvern som må sjåast i samanheng med saka over.</p> <p>Korleis få til eit betre samarbeid om forskning?</p> <p>Kommentarar og innspel frå utvala:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I revisjon av avtalane bør det seiast noko om at masteroppgåver ikkje er definert som forskning – er praksisfeltet einig i dette? • Roller og ansvar i avtalane må definerast tydelegare i avtalene når dei skal reviderast, spesielt dette med personvern. • REK prosjekter skal begge partar orientera kvarandre om. • Kor skal data lagrast? Er dette noko som skal inn i samarbeidsavtalane? JA! Det er viktig at begge partar skal ha tilgang til data og dette er noko som bør omtalast i samarbeidsavtalane. • I samarbeid med kommunar og føretak vi må få på bordet og forstå utfordringane vi har til IKT. Det er mange ulike situasjonar og forstå for både HOD, KS og Helse departementet. Særleg for master- og bachelor oppgåver bør denne saka løftast til samarbeidsorganet for utdanning. • Masteoppgåveportalen, kor ligg dette i denne saka? Bente Kjørstad Walaker orienterte om at masteroppgåve portalen er meldt som eit prosjekt i januar i 2021. Prosjektet skal ta omsyn til tildeling av rettleiarar. Det skal også vere mogeleg for praksisfeltet og studentar å melde inn tema for oppgåver. Studentane skal også få tilbakemelding frå praksisfeltet på sitt tem. Sensorar skal også leggast inn. Ein pilot går no på FLKI. Denne vil bli rulla ut etter kvart og løysinga kan utviklast til å ta omsyn til fleire ting. OUD held i saka. • Det skal vere eit felle møte mellom UU og FOU ut kvar vår. Har nokon saker som kan handsamast i dette møte bes dei om å melde til ei av sekretæranne for råda. <p>Utdanningsutvalet og FOU utvalet ber om at innspela tas inn i det vidare arbeidet når samarbeidsavtalene skal reviderast.</p>				
Kl.10:30 Utdanningsutvalet og FoUI-utvalet deler seg – kort pause				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>11/22 Endring i samarbeidsavtalen HVL og Studenttinget</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams og er sendt med innkallinga</p>	<p>Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel til endringar i vedlagt samarbeidsavtale.</p>	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>15 min</p>
<p>Referat: Innspel frå utdanningsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Må få på plass rette omgrep og justerast i tråd med HVL sitt kvalitetssystem og Forskrift om studium og eksamen ved HVL (justere til obligatorisk læringsaktivitet) . • Avtalen må få gjere ei avklaring av rollar, ta med studentane si rolle og deltaking i fakultetsråd, utdanningsutval, studieprogramråd, evt referansegrupper. At studentane skal skrive referat frå kullmøte, referansegruppemøte. • Organisasjonsfri er noko heilt anna enn praksis • Ein bør få med kven som kan få organisasjonsfri og kven som ikkje får. • Fråvær må sjåast på og presiserast - Eksempel: Sju dagar i praksis har stort innverknad på kravet om 30 veker praksis i løpet av 3 år (eksempelet gjeld ein utdanning). • Begrensing av omfang av organisasjonsfri bør tas inn. • Spesifisere høgskolens leiing – bør ikkje også fakultet leiinga tas inn i avtalen? <p>Utdanningsutvalet ber om at innspela meldast vidare til prorektor for utdanning.</p>				
<p>12/22 Orienteringar</p>	<p>Vedlegg ligg nedst i saklista, nokre er sendt med innkallinga.</p>	<p>Utdanningsutvalet får sakene til orientering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rapport forseinka sensur • To nye forskrifter om nasjonale retningslinjer for psykisk helse-, rus- og avhengighetsarbeid • Søkjartal • Vidareføring av studentassistentordninga • HkDir-søknadar 	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>25 min</p>

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

		<ul style="list-style-type: none"> • Vesentlege endringar i studieprogram • Samarbeidsmidlar 		
<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rapport forseinka sensur. Sensur på nasjonal eksamen verkar inn på oversikta over forsinka sensur • To nye forskrifter nasjonale retningslinjer for psykisk helse-, rus- og avhengighetsarbeid. FHS har 4 vidareutdanningar. Det re satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på master i psykisk helse-, rus- og avhengighetsarbeid. Monofagleg master for psykisk helse-, rus- og avhengighetsarbeid for sjukepleiarar skal etablerast. To av vidareutdanningar skal samordnast og reviderast. Den tverrfaglege vidareutdanninga skal også reviderast i tråd med dei nasjonale retningslinjene. • Søkjartal – det har vore ei nedgang i søkartale nasjonalt og HVL. Berre bachelor i barnevern har hatt ei auke. Sjukepleie har hatt mest nedgang. FHS har likevel mange søkjare. Nokre av vidareutdanningane og masterprogram har fått utsett frist. Viktig at FHS kan betre leggje til rette for studentar med tidlegare utdanningar som f eks. påbygg. Vaksne studentar ynskjer å byggje kompetanse. Vurdering av barnets beste (30 sp) er nå godkjent inn i Master i sosialvistik, studieretning barnevern. • Vidareføring av studentassistentordninga. Forslag til bruk av KD midlar, FHS 1,4 millionar til fordeling. Ulike aktivitetar er foreslått men kvar utdanning må utdanningane gjere sjølv. Koordinator vidare for studentassistentordninga er Ingrid Faaberg (20%). Det er etablert kontaktpersonar for kvar utdanning. Søknadsfrist er 1. juni. • HkDir-søknadar, søknadsfrist er 1. juni. FHS har utarbeida 6 søknader. • Vesentlege endringar i studieprogram – er meldt inn – Maste i klinisk sjukepleie , ABIO og helsesjukepleie skal reviderast i tråd men nye retningslinjer. Helsesjukepleie ynskjer å bli ei eiga utdanning. Alle har eigne retningslinje. • Samarbeidsmidlar - Samarbeidsmidlane for 2022-23 er no lyst ut med søknadsfrist 10. juni. <p>Utdanningsutvalet tar sakene til orientering.</p>				
11/22 Eventuelt	Vedlegg:	Inga sak ble meldt		5 min
<p>Referat:</p>				